

Elevrådsmøte, måndag 18.09.23

Møtestad: Grupperommet i midtbrakka. Til stades: Elevrådsrepresentantane i 3.-7.klasse.

Saker;

1. Presentasjonsrunde av alle elevrådsrepresentantane.
Tor Jæger Koppang skal vera kontaktperson for elevrådet dette skuleåret.

2. Gjennomgang av elevrådet sine oppgåver.
Elevrådet består av tillitsvalde frå alle klassar på skulen. Elevrådet skal ha leiar og nestleiar. For at elevdemokratiet på Leirvik skule skal fungere må elevrådet fungere godt. Alle elevrådsrepresentantane må få hjelp til å arrangere klassemøte der dei tek opp saker som elevane i klassen vil ta vidare til elevrådet. I tillegg er det viktig at elevrådsrepresentanten gjev tilbakemelding til klassen om kva saker ein har hatt oppe i elevrådet.
Leiar og nestleiar i elevrådet kan og be rektor om møte for å ta opp aktuelle saker.
Leiar og nestleiar i elevrådet vil og representere elevane i skulen sitt samarbeidsutval og skulen sitt skulemiljøutval.

3. Saker frå klassane:
 - Ønske om at skuleklokka skal ringja når friminuttet er over. Nokre gjev tilbakemelding om at dei ikkje høyrer når lærar bles i fløyta.
 - Det trengst fleire ballar og ny grus på banen.
 - Ønske om låseskap til dei eldste elevane. Det er ein del som rotar og flyttar på ting som ikkje er deira eige.
 - 7.trinn har ønske om eige område som kan vera berre deira.
 - Sjakkbrett og bordtennisbord bør på plass att på uteområdet.
 - Blomekassar ute ville ha pynta opp skuleområdet.
 - Ballnett må på fiksast.
 - Skulen treng betre utstyr på sløyden
 - Mange opplever at nokre av øktene er for lange. Er det mogleg med fleire friminutt?
 - Og aller viktigast: Brakkene tek alt for stor del av uteområdet. Me treng utbygging og oppgradering av skulen.

Det var meldt inn fleire saker og, men dei kjem opp i neste elevrådsmøte.

Leiar og nestleiar avtaler møte med rektor for å formidle saker som elevrådet meiner er viktige.

4. Val av leiar og nestleiar:
Leiar: Leanda Litlabø Eikenes
Nestleiar: Marie Hatlevik

Meldar

Tor Jæger Koppang